



## SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201202494  
Arkivnr. 18.T40  
Sakshandsamar Dahl, Frank

<b>Saksgang</b> Fylkesutvalet	<b>Møtedato</b> 24.05.12	<b>Saknr.</b> 125/12
----------------------------------	-----------------------------	-------------------------

## STYREANSVARSFORSSIKRING FOR HORDALAND FYLKESKOMMUNE (HFK)

Fylkesutvalet 24.05.12

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Hordaland fylkeskommune teiknar styreansvarsforsikring.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 4. juni 2012

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

*Mildrid Pettersen*



## SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201202494  
Arkivnr. 18.T40  
Sakshandsamar Dahl, Frank

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	24.05.12	125/12

## **STYREANSVARSFORSSIKRING FOR HORDALAND FYLKESKOMMUNE (HFK)**

**Fylkesutvalet 24.05.12**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **VEDTAK**

Hordaland fylkeskommune teiknar styreansvarsforsikring.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 4. juni 2012

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

*Hildrid Tjelde*



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

**Økonomiavdelinga**

Innkjøpsseksjonen

Arkivsak 201202494-3  
Arkivnr. 18.T40  
Saksh. Dahl, Frank

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Fylkesutvalet	24.05.2012

## **STYREANSVARSFORSSIKRING FOR HORDALAND FYLKESKOMMUNE (HFK)**

---

### **SAMANDRAG**

HFK har fått tilbod og råd fra forsikringsmeklar Aon Grieg om å teikne styreansvarsforsikring for sine styremedlemer. Dette spørsmålet vart sist vurdert i Fylkestingssak 66/08 i møte 9. desember 2008.

Fylkesrådmannen har til no sett det slik at det burde vera opp til det einskilde selskapet å ta standpunkt til om det var trøng for styreansvarsforsikring i selskapet. Fylkesrådmannen er no blitt kjend med at Bybanen AS har teikna styreansvarsforsikring for sine styremedlemer. Det har også skjedd ei utvikling i forsikringsbransjen som har gjort det naturleg å vurdere spørsmålet på nytt.

Slik forsikring vil dekkje den formuesskade som kan ramme styremedlemer som følge av vurdering og/eller handling som vert utført i samband med styrevervet. Forsikringa gjeld for den periode HFK eig aksjar i selskapet og for dei som representerer HFK i selskapet sitt styre.

Fylkesrådmannen har vurdert spørsmålet om styreansvarsforsikring på nytt og er no komen til at eg vil gå inn for at HFK teiknar styreansvarsforsikring for dei styremedlemene som er oppnemnde av og representerar fylkeskommunen.

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

HFK teiknar styreansvarsforsikring.

Paul M Nilsen

Johnny Stiansen

## FYLKESRÅDMANNEN, 27.04.2012:

### 1. Innleiing

Frå tid til annan har spørsmålet om styreansvarsforsikring dukka opp. Spørsmålet vart sist drøfta i Fylkestingssak 66/08 i møte 9. desember 2008.

Fylkesrådmannen har til no sett det slik at det burde vera opp til det einskilde selskapet å ta standpunkt til om det var trong for styreansvarsforsikring i selskapet. Fylkesrådmannen er no blitt kjend med at Bybanen AS har teikna styreansvarsforsikring for sine styremedlemer. Det har også skjedd ei utvikling i forsikringsbransjen som har gjort det naturleg å vurdere spørsmålet på nytt.

Hordaland fylkeskommune (HFK) har over lang tid nytta rådgjevar i samband med gjennomføring av konkurransar i forsikringsmarknaden og teikning av kontraktar på forsikringar som dekkjer skade på ting og ulukkar og uførutsette hendingar knyta til personar (tilsette og elever).

HFK sin rådgjevar er fram til 1. juli 2012 Aon Grieg AS og etter dette tidspunktet er det WACO Forsikringsmekling AS.

Rådgjevarane har til ei kvar tid god oversikt over dei produkt og tilhøyrande prisar og kvalitet som er tilgjengeleg i marknaden. Basert på denne kunnskapen har HFK bede om at ein til einkvar tid får råd og opplysningar om kva dekningar som vil vere aktuelle å inngå for fylkeskommunal sektor.

Dei dekningane HFK har, må justerast om det skjer endringar i drifta eller at til dømes resultatet av einskildsaker viser at dei dekningane HFK har ikkje er gode nok.

HFK har no fått tilråding og tilbod om å teikne styreansvarsforsikring for sine styremedlemer.

### 2. Utviklinga på forsikringsmarknaden – nokre døme på nye produkt som vert arbeidd med for fylkeskommunal sektor

I nokre samanhenger har ein sett at bransjen tek initiativ til og legg til rette for at fylkeskommunal sektor forsikrar seg på nye område.

På siste møte Innkjøpsseksjonen hadde med Aon Grieg fekk vi også informasjonar om at det for tida vart vurdert å tilby dekningar på følgjande områder:

- Miljøansvar i samband med kjøp av gamle anlegg og område med forureina grunn
- Feil i anbod med offentlege innkjøp
- Styreansvarsforsikring
- Terrordekning – etter 119 og 227

Vidare vart det gjeve informasjon om at selskapa har endra praksis når det gjeld å avkorta skadeutbetaling i visse høve. Det vart gjeve følgjande døme på aktuelle områder:

- Vann frå sprinkl anlegg på kalde loft ved frostskader
- Oppbevaring/sikring av container med avfall i eigne bygg/rom
- Leietakaransvar når bygg vert leid ut eller stilt til disposisjon for andre
- Internat – informasjon til leietakar om kva plikter som gjeld
- Handtering av kriser – manglande system vil påverke premien
- Beredskapsplan – manglande system vil påverke premien

### 3. Styreansvarsforsikring – tilbod og anbefaling om teikning av forsikring frå rådgjevar

HFK har motteke tilbod om styreansvarsforsikring frå Chartis.

Aon Grieg opplyser at styreansvarsforsikring er ei forsikring mot formuesskade som kan ramme ein skildperson som følge av vurdering og/eller handling som vert utført i samband med styrevet. Som døme på situasjonar der dette er særleg aktuelt vert følgjande nemnd:

- Oppkjøpprosessar
- Emisjonar
- Kapitalaukingar
- Konkursar

Aon peikar på at rundt slike prosessar som er nemnde ovanfor, vert det fatta avgjersle som seinare kan gje opphav til krav mot dei individua som var i styret.

Ei styreansvarsforsikring vil dekke det personlege økonomiske ansvaret dei som tek del i handsaming av saker i bedriftsforsamlinga som leiinga og styret vil kunne bli halden ansvarleg for.

Styreansvarsforsikring på konsernnivå vil gjelde for HFK sine datterselskap. Med datterselskap meiner ein at HFK indirekte eller direkte:

- Eig meir enn 50 prosent av aksjekapitalen
- Innehar meir enn 50 prosent av dei aksjane som har rett til å røyste
- Har rett til å peike ut eller gje avskjed til meir enn 50 prosent av medlemene i styret eller tilsvarande styreorgan
- Har rett til å utøve kontroll over selskapet i samsvar med vedtekter eller avtaler
- Råder over fleirtalet av stemmerettane
- Andre selskap eller verksemder etter særskild avtale

Styreansvarsforsikring utanfor konsernnivå vil også vere dekkja i det tilbodet som er motteke frå Chartis. Dei som er peika ut av HFK til å sitte i eit styre som ikkje er datterselskap vil også vere dekkja av forsikringa. Det er ein føresetnad at selskapet ikkje har teikna eigen styreansvarsforsikring for dei styrande organa.

Om HFK eig 20 prosent av eit selskap er ikkje dette eit datterselskap. Om HFK har eit styremedlem i selskapet vil dette medlem også vere dekkja. Vedkommande må vere peika ut som representant for HFK i styret.

#### **4. Fylkesrådmannen si vurdering av saka**

HFK har representantar i styret i mange aksjeselskap.

HFK har og styrerrepresentantar i fleire av selskap der fylkeskommunen eig mindre enn 50 prosent. Tilbodet frå Chartis vil dekkje desse selskapa – som ikkje er datterselskap – for den tida HFK eig aksjar i selskapet. Om HFK eventuelt går ut som eigar vil ikkje vedkommande vere dekkja av HFK sin styreansvarsforsikring om vedkommande hald fram med tilsvarande verv i styret. Forsikringa gjeld i og for det tidsrom HFK eig aksjane.

Basert på porteføljen av styreverv og aksjeeige pr desember 2011 har HFK fått eit tilbod på kr. 71.400.- med forsikringssum på 50 millionar kroner. Om forsikringssummen vert sett til 20 millionar kroner vert kostnaden anslått til omlag 44.000 kroner. Bybanen AS betalar i dag 13.000 for sin forsikring. Denne forsikringsavtalen kan avviklast om fylkeskommunen teiknar fellesforsiring.

#### **5. Konklusjon**

Etter ei samla vurdering vil eg rå til at HFK teiknar styreansvarsforsikring på konsernnivå som vil dekkje personleg økonomisk ansvar for HFK sine styrerrepresentantar i dei ulike selskapa der HFK har aksjeeige. Eg tilrår at forsikringssummen vert sett til 50 millionar kroner.